



Gudbrandsdalstinget

Vedlegg til uttale om NOU 2020:15 vedtatt av Gudbrandsdalstinget 23.3.21

Bustadutvikling som distriktpolitisk verkemiddel – forslag til utprøving

Dei 12 kommunane i Gudbrandsdalen ønskjer å kome med eit konkret forslag til eit utviklingsprosjekt i Skjåk kommune der bustadpolitiske verkemiddel blir prøvd ut med mål om å auke attraktiviteten til distriktskommunar, styrke rekrutteringa og auke tilflyttinga. Eit forsøk vil også involvere lokalt næringsliv, frivillige organisasjonar og innbyggjarane sjølve.

Gudbrandsdalstinget ynskjer at det frå sentralt hald vert lagt til rette for at Skjåk kommune kan prøve ut ein pilot der Skjåk kommune i første omgang investerer i fire bustadar der målet er å tilby nye innbyggjarar utleigebustadar som etter nokre års butid kan konverterast til eigebustadar. Det er ynskjeleg at Skjåk kommune får prøve ut Husbanken sin frå leige til eige-ordning til dette føremålet. Gjennom dette prosjektet vil nye innbyggjarar kunne "prøvebu" ein bustad før dei bestemmer seg om dei ynsker å kjøpe bustaden. Dette er ikkje tenkt å vere gjennomgangsbustadar med korttids leigekontraktar, men ei langsiktig bustadinvestering.

Gudbrandsdalstinget meiner at eit slik verkemiddel vil ha stor verdi for å styrke rekrutteringa av nye medarbeidarar til næringslivet og offentleg sektor i distriktskommunar.

Prosjektorganiseringa vil spegle at dette er eit regionalt prosjekt med relevans for og deltaking frå regionen der vi saman og i samarbeid med KMD ser på utviklinga av metodar for å auke tilflytting og busetting i distriktskommunar, slik distriktsmeldinga legg opp til.